

Innkalling

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Giske rådhus
Dato	24.05.2023
Tidspunkt	kl 13:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Til slutt i møtet, etter at sakene på saklista er behandla, inviterer sekretariatet utvalet til ein kort samtale om korleis vi best mulig kan legge til rette for ein evalueringsprosess av utvalsperioden på neste/siste møte.

Sakliste

- PS 08/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/23 Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2022 - Giske kommune
- PS 10/23 Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Giske kommune
- PS 11/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - ressurs og kvalitet i grunnskulen Giske kommune

- PS 12/23 Meldingar
- MS 04/23 Undervegsrapport - forvaltningsrevisjon offentlege anskaffingar - Giske kommune
- MS 05/23 Henvending om vintervedlikehald 2015-2022

Ålesund, 16.05.2023

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Møteprotokoll

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Giske rådhus
Dato	08.02.2023
Tidspunkt	kl 13:00 - 15:00

Følgjande medlemmer møtte

Asbjørn Furnes

Dag Oksnes

Herman Rørvik Blindheim

Inger Johanne Sund

Sissel Anita Roald

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte kommunalsjef helse og omsorg Lene Bjørlo Overå møter i sak OS 01/23.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Ordførar Harry Valderhaug deltok til og med sak 04/23.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok rådgivar Solveig Kvamme.

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/23 Orienteringar
- OS 01/23 Orientering om tildelingskriterier heimebasert omsorg
- PS 03/23 Interimrevisjon 2022 - Giske komune
- PS 04/23 Forvaltningsrevisjon 2023 - innkjøpsrutiner Giske kommune
- PS 05/23 Møteplan for 2023 Giske kontrollutval
- PS 06/23 Årsmelding 2022 frå Giske kontrollutval
- PS 07/23 Meldingar
- MS 01/23 Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak
- MS 02/23 Giske kontrollutval medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn
- MS 03/23 Informasjon om FKT sitt webinar 26.01.2023 om kommunikasjonsstrategi

PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/23 Orienteringar

OS 01/23 Orientering om tildelingskriterier heimebasert omsorg

Sekretariatet si tilråding:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Kommunalsjef Lene Bjørlo Overaa gav kontrollutvalet ei god orientering om omstillingsarbeidet innan helse og omsorg med fokus på pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Utvalet hadde spørsmål og kommentarer i hovudsak knytt til orienteringa om tildelingskritria for heimebaserte tenester.

Kommunalsjefen viste til Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050

Votering: Samrøystes

GKU - 01/23 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 03/23 Interimrevisjon 2022 - Giske komune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 til vitande.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 til vitande.

PS 04/23 Forvaltningsrevisjon 2023 - innkjøpsrutiner Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval bestiller ein forvaltningsrevisjon i 2023 på innkjøp og offentlege anskaffingar i tråd med den skissa til prosjektplan som forvaltningsrevisor la fram i møtet. Kontrollutvalet bed sekretariatet om å sjå til at dei innspel som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektplanen.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 04/23 vedtak

Giske kontrollutval bestiller ein forvaltningsrevisjon i 2023 på innkjøp og offentlege anskaffingar i tråd med den skissa til prosjektplan som forvaltningsrevisor la fram i møtet. Kontrollutvalet bed sekretariatet om å sjå til at dei innspel som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektplanen.

PS 05/23 Møteplan for 2023 Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval sin møteplan for 2023:

- 8. februar
- 19. april
- 24. mai
- 20. september
- 29. november

Møta vert haldne på Giske rådhus, kommunestyresalen, om ikkje anna vert presisert i innkallinga til det aktuelle møtet.

Møtetidspunkt er kl. 13.00

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 05/23 vedtak

Giske kontrollutval sin møteplan for 2023:

- 8. februar
- 19. april
- 24. mai
- 20. september
- 29. november

Møta vert haldne på Giske rådhus, kommunestyresalen, om ikkje anna vert presisert i innkallinga til det aktuelle møtet.

Møtetidspunkt er kl. 13.00

PS 06/23 Årsmelding 2022 frå Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval vedtek "Årsmelding 2022 Giske kontrollutval" slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 06/23 vedtak

Giske kontrollutval vedtek "Årsmelding 2022 Giske kontrollutval" slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

PS 07/23 Meldingar

MS 01/23 Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 02/23 Giske kontrollutval medlemskap i FKT

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 02/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 03/23 Informasjon om FKT sitt webinar 26.01.2023 om kommunikasjonsstrategi

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 08.02.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 09/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2022 - Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskap 2022 til vitande. Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbettringspunkt som revisor har peika på i si orientering.

Bakgrunn:

Denne saka er ei oppsummering av det arbeidet som er gjort i høve revisjon av rekneskapen for 2022.

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- årsrekneskapa til kommunen blir reviderte på ein forsvarleg måte.
- rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksar frå kontrollutvalet og i tråd med avtaler med revisor.
- rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller fulgt opp. Viss påpeikingane ikkje blir retta eller fulgt opp, skal kontrollutvalet rapportere dette til kommunestyret.



Vurdering:

Revisor har nå avslutta revisjon av årsrekneskapen til Giske kommune og gjeve si revisjonsmelding utan atterhald datert 17.april 2023.

Årsrekneskap og årsmelding var levert innan dei fristar kommunelova set.

Revisor opplever at kvaliteten på avlegging av rekneskapet er god. Revisor har gjennom revisjonsarbeidet sitt observert nokre få tilhøve som kan verte betre, men som ikkje gir grunn til å ta atterhald i revisjonsmeldinga.

Revisor vil i møtet 24. mai orientere kontrollutvalet om utført revisjonsarbeid og summere opp desse punkta til betring og gje sine merknader.

Vedlegg

Revisor sin rapport frå årsoppgjør 2022 - Giske kommune

Rapport etter årsoppgjørsrevisjon 2022

GISKE KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 24.05.23

Innledning

- ▶ Revisjonen av Giske kommunes årsoppgjør for 2022 ble avsluttet den 17. april 2023, og revisjonsberetningen ble utstedt samme dato.
- ▶ Uavhengig revisors beretning for 2022 er en «normalberetning», som innebærer at revisjonen ikke har avdekket og påvist vesentlige feil og mangler i kommunens rapportering.
- ▶ Vi opplever at kvaliteten på regnskapsavleggelsen er god. Denne rapporten informerer om hvilke revisjonshandlinger vi har gjennomført og kommer med forbedringspunkter der det kan være aktuelt.

Identifiserte risikoer 2021

- ▶ Oppfølging av rutiner rundt deaktivering av AD bruker
- ▶ Kommunen har avstemmingsperm for balanseposter. Vi har anbefalt at disse deles opp etter oppsettet i balansen (anleggsmidler, bank etc).

Oppsummering fra områdene

Prosesser	Observasjoner og funn
Regnskapsrapportering	Ingen
Salgsområdet	Ingen
Innkjøp / kostnadsområdet	Ingen
Driftsmiddel / investeringsområdet	Ingen
Lønnsområdet	Fra interimrevisjon: Kommunen har ikke implementert kontrollen ledelsesattesterte lønningslister. Vi anbefaler at det i forbindelse med utbetaling av lønn utføres en rimelighetskontroll av lønnen av enhetslederne. Dette for å sikre at riktig lønn blir utbetalt og at det ikke utbetales lønn uberettiget.
Overføringsområdet	Forbedre rutiner og dokumentasjon av attestasjoner.
Finansområdet	Ingen

Listeførte feil i 2022

Kommentar	Korrigerede feil (NOK)	Ikke-korrigerede feil (NOK)
Vi har ingen listeførte feil for 2022 (<i>feil utover det som vurderes som ubetydelig</i>)		

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Test av kontroller(kommunens interne kontroll)

- Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering er gjennomført.
- Generelle IT-kontroller viser at det ved to tilfeller hvor ansatte hadde sluttet, men tilgang i økonomisystemet ikke var slettet. Det er imidlertid foretatt gjennomgang som bekrefter at ingen av disse hadde vært inne i systemet etter sluttdato. Administrasjonen har bekreftet at alle skal være satt som passiv pr dags dato.

Substanshandlinger (Kontroll av fakta mot dokumentasjon)

- Kontroll av årsoppgjørdisposisjoner gjennomført uten merknader.
- Årsregnskap og noter er gjennomgått uten vesentlige avvik eller mangler.
- Vi mener at årsberetningen er i samsvar med kommunelovens krav, herunder redegjørelse for budsjettavvik, beløpsmessige og eventuelle premissavvik.
- Avstemming av kretsløp er foretatt uten merknader.
- Budsjettkontroll uten merknader.
- Avsluttende analytiske handlinger uten merknader.

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet

Angrepvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

- Salgs- og leieinntekter (drift)
- Selvkostområdet
- Kundefordringer (bal)
- Andre kortsiktige fordringer (bal)
- Ordinær merverdiavgift

Substanshandlinger:

- Salgsområdet er delvis revidert ved analyse mot budsjett og tidligere år uten å finne uforklarlige avvik.
- Vi har ikke funnet at salgsinntekter er feilperiodisert.
- Kundefordringene stemmer mot reskontro og det er foretatt tapsavsetning for eldre kundefordringer som anses usikre. Vi vurderer tapsavsetningen til å være tilstrekkelig.
- Terminoppgaver for ordinær mva avstemmes av økonomiavdelingen.

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps- / kostnadsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Kjøp av varer og tjenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Annen kortsiktig gjeld (bal)

Substanshandlinger:

- Innkjøpsområdet er delvis revidert ved analyse mot budsjett og fjoråret uten å finne uforklarlige avvik.
- Løpende kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon momskompensasjon. Ikke avdekket vesentlige avvik.
- Vi har ikke funnet at innkjøpskostnader er feilperiodisert.
- Leverandørgjelden stemmer mot reskontro. Betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter.
- Kontrollert dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld. Ingen merknader.

Revisjonstilnærming – driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv)
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Substanshandlinger:

- Vi har foretatt en gjennomgang av investeringsprosjekter, dette i hovedsak med fokus på skille mellom drift og investering. Basert på denne gjennomgangen har vi ikke avdekket vesentlige feil eller mangler for 2022
- Bilagskontroll, herunder attestasjon og anvisning dekkes i stor grad ved kontroll av terminvise oppgaver for merverdiavgifts-kompensasjon.
- Avslutning av investeringsregnskapet er gjennomført i samsvar lov og forskrift.
- Bokført verdi av anleggsmidler er kontrollert, og er i samsvar med driftsmiddelregister.

Revisjonstilnærming - lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Substanshandlinger:

- Lønnsutgiftene er analysert mot budsjett og fjoråret.
- Kontrolloppstillingen viser ingen avvik av betydning og kan signeres av oss.
- Krav sykepenger viser ingen eldre beløp. Det er heller ingen avvik mellom lønssystem og regnskapssystem.
- Gjennomgang av avstemminger på lønnsområdet, herunder arbeidsgiveravgift, skattetrekk og feriepengene. Ingen merknader.
- Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhørende balanseposter. Ingen merknader.
- Kommunen har ikke implementert kontrollen ledelsesattesterte lønningslister. Vi anbefaler at det i forbindelse med utbetaling av lønn utføres en rimelighetskontroll av lønnen av enhetslederne. Dette for å sikre at riktig lønn blir utbetalt og at det ikke utbetales lønn uberettiget.

Revisjonstilnærming - overføringsområdet

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Overføring og tilskudd fra andre (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Substanshandlinger:

- Rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt er avstemt mot oversikter fra staten uten å finne avvik.
- Vi har foretatt analytiske kontroll av eiendomsskatt uten å finne vesentlige avvik.
- Analyse/detaljtester av andre overføringsinntekter/-utgifter viser ingen feil av betydning.
- Vi har ikke funnet at overføringsinntekter/-utgifter er vesentlig feilperiodisert.
- Særattestasjoner på enkelte tilskudd gjennomført. Forslag til forbedring av rutiner rundt særattestasjoner. (Egen gjennomgang med administrasjonen).

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Substanshandlinger:

- Finans- inntekter og utgifter er gjennomgått og kontrollert mot eksterne oppgaver mv. (bank, rente, aksjer, utbytte etc).
- Vi har kontrollert beregning av minste avdrag for lån, og påsett at det er tilstrekkelig utgiftsført avdrag i samsvar med kommunelovens §14-18.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Substanshandlinger:

- Kontrollert at gjeld og utlån er i samsvar med ekstern dokumentasjon.
- Etterberegning av minimumsavdrag. Ingen merknader.
- Påsett at avstemminger av kretsløp henger sammen (herunder kapitalkonto). Ingen merknader. Gjennomgang av vesentlige poster på fondskontoer. Ingen merknader.

Særattestasjoner gjennomført i 2022

- Meirverdiavgifts-kompensasjonsoppgåver - 6 terminer
- Bekreftelse på nytt låneopptak
- Tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn 2020
- Spillemiddelregnskap fotballanlegg Godøy IL
- Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten
- Styrking av tilbudet til barn og unge med sammensatte tjenestebehov
- Tilskudd til stabilisering av fastlegetjenesten

Oppsummert

Årsregnskapet er avlagt i tråd med gjeldende lovkrav (kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk).

Vi har gjennom årsoppgjøret hatt god dialog med administrasjonen.

Årsoppgjøret var dokumentert i tråd med god bokføringskikk og avlagt innen fristen.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet er ikkje kjent med tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Giske kommune.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har ansvar for at det blir ført kontroll med økonomiforvaltninga til kommunen. Det vil seie å sjå til at den er i samsvar med lov og forskrift, og kommunen sine egne reglement og vedtak. jf. kommunelova §23-2. Ansvarer gjeld økonomiforvaltninga generelt og er eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret kontrollutvalet har for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. Kommunelova §14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko, og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet skal gje si innstilling slik at dei kan ta omsyn til uttalen. jf. kommunelova § 14-3. Uttalen skal difor sendast kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal i møtet 24. mai 2023 handsame årsrekneskap og årsmelding 2022 for Giske kommune. Samt revisjonsmelding frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor datert 17. april 2023.

Giske kommune har i 2022 eit netto driftsresultat på kr 32 594 647.

Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å avgjere kva uttalen til årsrekneskap og årsmelding skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyte seg til forhold i årsrekneskap eller årsmelding og tilhøyrande revisjonsmelding.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar, og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Grunnlaget for kontrollen er den avlagde årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet kan føreslå endringar i årsrekneskapen dersom det har skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk.

Oppdragsansvarleg revisor har supplert kontrollutvalet med relevant informasjon gjennom året og ingen avvik er rapportert eller avdekt.

Revisor stadfestar at kommunen har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringskikk.

Årsmeldinga:

Årsmeldinga skal mellom anna omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet.

Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- Kommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.
- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- Kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gjev tilfredsstillande opplysningar sett opp mot desse punkta. Revisor melder i si revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltall

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova §14-1 er å ta vare på den økonomiske handleevna. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av desse måltal i årsmeldinga, jf. kommunelova §14-7 punkt a). I årsmeldinga 2022 for Giske kommune finn vi omtalen av måltala i kapittelet om økonomi, overordna mål og satsningar.

Budsjettavvik

Det er etter ny kommunelov no stilt krav til at kommunedirektøren i årsmeldinga gjer greie for moglege budsjettavvik. Dette kjem fram i årsmeldinga under kapitttelet "Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av beviljingane". Revisor omtaler dette i si melding.

I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga gjev tilstrekkeleg informasjon for vesentlege budsjettavvik.

Konklusjon

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga gjennom året og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet har gjennom året fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen si rapportering.

Kontrollutvalet er i dialog med revisor ikkje gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3.

Vedlegg

Revisjonsmelding 2022 - Giske kommune

[Lenkje til Årsrekneskap og årsmelding 2022 Giske kommune](#)

[Årsrekneskap og årsmelding 2022 - Giske kommune](#)

Til kommunestyret i Giske Kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Giske Kommune som viser eit netto driftsresultat på 32 594 647. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik internkontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Giske Kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter knytta til uttale om budsjettavvik

For meir omtale av Kommunedirektørens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Ålesund, 17. april 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

Lenkje til Årsrekneskap og årsmelding 2022 Giske kommune:

<https://arsrapport.giske.kommune.no/2022/>

Emne: SV: Årsrekneskap og årsmelding 2022

Kopi: Lene Bjørlo Overå <Lene.Bjorlo.Overa@giske.kommune.no>

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>, Post <sksiks@sksiks.no>

Sendt: 17.04.2023 13:21:17

Fra: Ann Kristin Thu <Ann.Kristin.Thu@giske.kommune.no>

Hei,

Årsrapporten til Giske er som vanlig digital, du finn den på denne lenka [Årsrapport 2022 - Giske Kommune](#)

Rapporten inneheld både årsmelding og årsrekneskap.

Kjem du ikkje inn – gi meg rask tilbakemelding.

Om du treng opplysningar ut over det som ligg i årsrapporten – gi meg eit hint så skal vi fixe det og 😊

Når skal kontrollutvalet ha møte?

Mvh

Ann K

Tlf 41 70 23 04

Fra: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: fredag 14. april 2023 11:09

Til: Ann Kristin Thu <Ann.Kristin.Thu@giske.kommune.no>

Kopi: Lene Bjørlo Overå <Lene.Bjorlo.Overa@giske.kommune.no>

Emne: Årsrekneskap og årsmelding 2022

Hei

Minner om at de må sende revidert årsrekneskap og årsmelding 2022 til kontrollutvalsekretariatet. Bruk gjerne post@sksiks.no

Revisjonsmeldinga får vi direkte frå revisor når den er klar over helga, så den treng de ikkje tenkje på.

Takk for hjelpa.

Solveig Kvamme

Rådgivar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Tlf 90 74 13 99

solveig.kvamme@sksiks.no

post@sksiks.no

www.kontrollutval.no

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - ressurs og kvalitet i grunnskulen Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren til vitande. Med bakgrunn i den informasjonen som kom fram i møtet, vurderer kontrollutvalet det slik at kommunedirektøren har fulgt opp kommunestyret sitt vedtak etter forvaltningsrevisjonsrapporten.

Bakgrunn:

I november 2022 handsama kontrollutvalet ein rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk og kvalitet i grunnskulen - spesialundervisning, i Giske kommune.

Problemstillingane kontrollutvalet ynskte svar på gjennom denne forvaltningsrevisjonen var:

1. Korleis arbeider skulen/kommunen med vurdering av eleven sitt utbytte av opplæringa?
2. Korleis arbeider skulen/kommunen med tilvising til PP-tenesta?
3. Korleis arbeider PP-tenesta med utgreiing og tilråding til skulen?
4. Er enkeltvedtaka på spesialundervisning i samsvar med regelverket?

Kontrollutvalet sendte si tilråding knytt til rapporten over til kommunestyret som gjorde vedtak i sak 77/22 den 8. desember

Vedtaket var slik:

1. *Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren merke seg desse.*
2. *Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.*
3. *Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2., innan april 2023*

Kommunestyret bed kommunedirektøren, gjennom sitt vedtak punkt 3, om å rapportere til kontrollutvalet. Kommunedirektøren er difor invitert til kontrollutvalet sitt møte 24. mai, for å gje ei orientering om administrasjonen si oppfølging av vedtaket.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert fylgt opp av administrasjonen. Difor er det naturleg at kontrollutvalet bed om ei orientering frå kommunedirektøren på dette.

Revisor gav fylgjande tilrådingar i rapporten som kommunestyret gjennom sitt vedtak slutta seg til og med det bad kommunedirektøren om å merke seg:

TILRÅDINGAR

På bakgrunn av våre funn, vurderingar og konklusjonar, vil vi rå til at Giske kommune vurderer å:

- Formalisere ein måte å evaluere den nye samarbeidsforma mellom PPT og skulane på, både på kort og lang sikt, og på skuleeigarnivå og skulenivå.
- Få på plass rutine for å sende ut førebelse svar dersom det ikkje kan treffast enkeltvedtak innan ein månad etter at det er motteke ein førespurnad.
- Sikre at arbeidet med å få på plass felles rutinar og prosedyrar i eit felles system blir slutført, og at desse blir haldne ved like jf. krav om god internkontroll.
- Sjå på følgjande endringar i malane:
 - Innarbeide i mål for tilvising at føresette skal ha kopi av tilvisinga til PPT.
 - Sikre barnet sin rett til å bli høyrte i samband med enkeltvedtak om spesialundervisning (at det ut frå vedtaket kjem frem kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sin mening er lagt vekt på.)

Kommunedirektøren eller den kommunedirektøren peikar på vil i møtet gje kontrollutvalet ei orientering om status og vil svare, så langt det er mogeleg, på oppfølgjande spørsmål frå kontrollutvalet.

Om kontrollutvalet er nøgd med den informasjonen dei får, rår sekretariatet utvalet til å vedta at oppfølging er i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Om kontrollutvalet ikkje kjenner seg nøgd, bør utvalet synleggjere det gjennom sitt vedtak og be om ei oppfølging på eit seinare tidspunkt.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak sak 77-22 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022



Sunnmøre kontrollutvalsekretariat (SKS)

Dykkar ref.:

Vår ref.: 20/1527-14

Dato: 15.05.2023

Giske kontrollutval - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022

Vi viser til Dykkar sak om Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022. Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren følgje opp desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2. innan april 2023.

Sakspapiret ligg ved.

Med helsing

Ingvild Nautvik
Politisk sekretær/saksbehandlar
tlf.:

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Åse Elisabeth Skjærseth



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	08.12.2022	077/22

Giske kontrollutval - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 Ressurs og kvalitet i grunnskulen - spesialundervisning

Tilråding frå **kontrollutvalet:**

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren følgje opp desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2. innan april 2023.

08.12.2022 Giske kommunestyre

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes godkjend.

K - 077/22 Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa - spesialundervisning, og ber kommunedirektøren følgje opp desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sikre at arbeidet med felles rutiner og prosedyrer på dette området vert slutført, lagt inn i kvalitetssystemet og halde ved like jf. krav om god internkontroll.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak knytt til punkt 1. og 2. innan april 2023.

Vedlegg

Oversending av tilråding til kommunestyret om forvaltningsrevisjonsrapport 2022

Saksframlegg til rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 Giske kommune

Rapport frå forvaltningsrevisjon av ressurs og kvalitet i grunnskulen - spesialundervisning
2022 - Giske kommune

Saksutgreiing:

Viser til vedlagt sakspapir med Giske kontrollutval si tilråding i sak GKU 23/22 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 – ressurs og kvalitet i grunnskulen – spesialundervisning.

Heimelsgrunnlaget

Kontrollutvalet har tilrådingsrett i saker der kor kontrollutvalet rapportere resultat av sitt arbeid til kommunestyret. I slike saker har verken kommunedirektør eller andre organ høve til å gje tilråding.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 12/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Meldingar

Underliggende saker

04/23	Undervegsrapport - forvaltningsrevisjon offentlege anskaffingar - Giske kommune
05/23	Henvending om vintervedlikehald 2015-2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 04/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Undervegsrapport - forvaltningsrevisjon offentlege anskaffingar - Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har bestilt ein forvaltningsrevisjon innan offentlege anskaffingar og Møre og Romsdal revisjon SA er godt i gang med å gjennomføre denne. Dei vil i møtet gje ein statusrapport på arbeidet.

Vedlegg

Uavhengighetserklæring Giske kommune - Offentlege anskaffingar - oppdragsansvarleg revisor

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kontrollutvalget i Giske kommune
ved kontrollutvalgssekretariatet på Sunnmøre

Underveisrapportering – forvaltningsrevisjon innkjøp og offentlige anskaffelser

Kontrollutvalget i Giske kommune bestilte i møte 08. februar 2023 en forvaltningsrevisjon om innkjøp og offentlige anskaffelser

Prosjektet blir gjennomført i henhold til vedtatt framdriftsplan.

Vi gjennomførte et oppstartsmøte med konst. kommunedirektør, økonomisjef, kommunalsjef for tekniske tjenester og rådgiver den 12. april.

Vi har i ettertid av møtet bedt om nødvendig dokumentasjon som kommunen jobber med å sende til oss. Vi jobber også med å ta ut driftsregnskap for 2021 og 2022 og gjennomgå disse. Vi har fått tilgang til innkjøpssamarbeidets avtalekatalog for rammeavtaler, og forespurt liste over ansatte med bestiller- og innkjøpsansvar vi skal sende ut en spørreundersøkelse til.

24. mai har vi bedt å komme på besøk hos kommunen for å snakke med våre kontaktpersoner om temaet til forvaltningsrevisjonen.

Utførende forvaltningsrevisor og oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor stiller i kontrollutvalgets møte 24. mai, og kan da svare på ytterligere spørsmål om prosjektprosessen.

Vennlig hilsen

Møre og Romsdal Revisjon SA

15.05.2023

Ola Godø Andersen

Ingrid Walstad Larsen

Forvaltningsrevisor

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

SJEKKLISTE FOR UAVHENGIGHET

OFFENTLIGE ANSKAFFELSER – GISKE KOMMUNE

Kommuneloven § 24-4 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16-19	Eventuell merknad
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående ¹ har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av	
Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av ² .	
Revisor kan ikke delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren	
Revisor kan ikke utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet	
Revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver	
Revisor kan ikke opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.	

¹ Nærstående etter første ledd er:

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefeller eller samboere
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer.

² Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

UAVHENGIGHETSERKLÆRING

I forbindelse med arbeidet med forvaltningsrevsjonen

Offentlige anskaffelser i Giske kommune

kjenner jeg ikke til slektsforhold eller andre familiære forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg kjenner heller ikke til andre forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg forplikter meg til å informere ledelsen ved revisjonen dersom det underveis i prosjektet skulle oppstå situasjoner som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Kristiansund, 12.04.2023



Ingrid Walstad Larsen

Oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 05/23	Giske kontrollutval	24.05.2023

Henvending om vintervedlikehald 2015-2022

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalsekretariatet har motteke ei henvending frå Geir Olav Larsen om misnøye med anbod på vintervedlikehald i Giske kommune.

Henvendinga med vedlegg og svar frå sekretariatet på at henvendinga er motteken ligg ved her.

Kontrollutvalet kan i møtet vurdere om det henvendinga peikar på er noko utvalet vil gå nærare inn på. Eventuelt be om ei orientering frå adminstrasjonen til neste møte.

Vedlegg

Henvending om anbod vintervedlikehald Giske Kommune perioden 2015 - 2022

01 - Innsyn i brøyteavtaler i perioden 2015 - 2022 - brev frå Giske kommune

02 - Vedtak klagesak - innsyn i brøytavtaler - svar frå Statsforvaltar

03 - Avtale vintervedlikehald 2015 - Lars Terje Godø

04 - Avtale vintervedlikehald 2015 - Geir Olav Larsen

05 - Avtale vintervedlikehald 2015 - Jogeir Giske

06 - Avtale om vintervedlikehald 2015 - Gravagarden DA

07 - Avtale om vintervedlikehald 2015 - Mesta AS - med konkurransegrunnlag del II

Svar på henvending om anbod vintervedlikehald Giske Kommune perioden 2015 - 2022

Emne: VS: Anbud brøyting Giske Kommune 2015

Kopi: Martin Gjendem Mortensen <martin.gjendem.mortensen@mrrevisjon.no>

Til: SKS IKS <sksiks@sksiks.no>, geir.larsen@aviator.eu

Sendt: 06.03.2023 08:55:31

Fra: Kurt Anders Løvoll <Kurt.lovoll@mrrevisjon.no>

Hei

Takk for e-posten.

Møre og Romsdal Revisjon SA gjennomfører rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon av Giske kommune på oppdrag/bestilling frå Giske kontrollutval.

Vi sender difor denne e-posten (med vedlegg) vidare til Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS som er sekretariat for kontrollutvalet.

Nettside: [Forside - SKS - Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS](#),

E-post: post@sksiks.no

Med venleg helsing

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Kurt Anders Løvoll

Nestleder/oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

Tlf. 906 00 168

kurt.lovoll@mrrevisjon.no

Fra: Geir Larsen <Geir.Larsen@aviator.eu>

Sendt: fredag 24. februar 2023 00:30

Til: Møre og Romsdal Revisjon SA <post@mrrevisjon.no>

Kopi: Rusten, Andreas Welle <andreas.rusten@statsforvalteren.no>

Emne: Anbud brøyting Giske Kommune 2015

Hei

Har en konflikt med Giske Kommune angående anbud på brøyting fra 2015-2022. Etter samtale med Trygve Olav Laake ved avskaffelser.no

foreslo han eg prøve å få til en revisjon av heile anbudsprosessen fra 2015 og oppdelingen fra 2022.

I anbudet fra 2015 var timepris og beredskap fastsatt av Giske Kommune med timepris 650kr for traktor opptil 150hk

og 750kr for traktor over 150hk. I Desember 2020 fikk eg opplyst at det vart betalt ut høg timepris for traktor som ikke

var over 150hk. Det kom fram seinere det gjalt to til i anbudet med traktor under 150hk fikk utbetalt høg timepris.

rettet spørsmål til Giske Kommune om det var tilfelle og ba om innsyn i kontrakter som var inngått og utbetalt timepris.

Reaksjon fra Giske Kommune var å gjøre alt for å skjule hva som hadde skjedd og nektet meg innsyn i saken.

Etter kort tid sluttet dei å svare meg, ingen svar på mail som blei sendt og tok ikke telefon når eg svarte.

Måtte til slutt gå til advokat for å få en dialog med Giske Kommune.

Kontrakten som var inngått var på 5år+2år opsjon med oppsigelses frist 15 april. Høsten 2020 gjorde Giske Kommune opsjon gjeldende

samtidig som dei lyste ut anbud på to brøyteroder på samme betingelser som var gjeldende for alle.

Ingen levert inn anbud da betingelsene var for dårlig og det vart lyst ut på nytt, no var det tre roder som vart lyst ut og til

andre vilkår en det som vi var låst fast i. Det kommer seinere frem att dei som opprinnelig var tilbydere ikke hadde levert inn

oppsigelser på opsjon innafor tidsfristen men fikk gå ut av kontrakten seinere.

Var innstilt selv på å prøve heile anbudsprosessen rettslig da det virker som det er blitt ei ulovlig forskjellsbehandling.

Etter råd fra min advokat vart det til slutt inngått et forlik med Giske Kommune der dei betalte meg 80 000 for

at dei hadde utført svært dårlig forretningskikk og 20 000 til delvis dekning av advokatutgifter.

Det var i forliket et krav at dei gikk tilbake på det opprinnelige anbudet og fikk det likestilt.

Min advokat gjorde dessverre dårlig jobb da den siste delen ikke kom med i kommunikasjon med Giske Kommune,

men har seinere fått det bekrefte av min advokat og kommunen sin advokat at det var en del av avtalen.

Av tilbyderne var vi no kun to igjen og i motsetning til hva som er gjeldende for min del meinte kommunen det måtte vere

likhet for alle parter betalte dei ut 80 000 til andre tilbyder - det som vart fakturert ut for høg timepris.

Seinere viste det seg at dei ikke var interessert i å gå tilbake på dei to andre som hadde fakturert høg timepris.

Det har vert ei lang sak og Giske Kommune har heile veien prøvd å skjule hva som har skjedd underveis i saken og dei

kan ikke fremlegge lovpålagt dokumentasjon da det mangler. Alle endringer i avtaler skal dokumenteres ifølge lov om

offentlige anskaffelser og muntlige avtaler skal føres diktat av og legges i anbudsprotokoll.

Innsynsbegjæringa om saken som Kommunen nektet meg vart klaget inn til Stadsforvalteren, og til tross for problem med å få Giske Kommune

til å sende over papira vart det til slutt fattet et vedtak at å nekte meg innsyn var ulovlig. Legger ved det eg tilslutt fikk tilsendt av

Giske Kommune.

Når eg kom med henvendelsen til Giske Kommune virker det på meg som en enkel sak.

Kontakt dei som har fakturert høg pris og be dei sende inn kopi av vognkort der står godkjent antall hk på traktor.

En traktor som er oppjustert til høyre hk skal føres inn i vognkort, om det ikke er gjort er den ikke godkjent for veitransport.

Men istedenfor prøvte Giske Kommune å nekte meg tilgang til opplysninger og har heile vegen trenert saken.

For min del virker det som om det ligger skjulte avtaler som ikke tåler dagens lys.

Er det behov for mer opplysninger nåes eg på mail eller tlf 92216163.

I forhold til loven om offentlig anskaffelser meiner eg det er gitt en ulovlig forfordeling da enkelte har fått høyre timepris uten å vere berettiget til det.

Mvh

Geir Olav Larsen



Geir Olav Larsen
Synesvegen 147

6040 VIGRA

Dykkar ref

Vår ref.: 21/42 - 49

Dato: 28.10.2022

Innsyn i brøyteavtaler i perioden 2015 - 2022

Viser til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt vedtak i klagesak innsyn i brøyteavtaler den 28.09.2022.

Vedtaket lyder som følgjande:

Statsforvaltaren gir innsyn i løysingsbeskrivelse og pris (vedlegg 1 og 2) til brøyteavtalene i Giske kommune frå 2015.

Klagar har fått medhald.

Giske kommune inngjekk kontrakt for vinterdrift i 2015 med følgjande aktørar: Mesta AS, Gravagarden DA, Jogeir Giske, Geir Olav Larsen og Lars Terje Godø.

Det er sju brøyteroder i Giske kommune i perioda 2015-2022. Giske kommune har brøytt rode T2, Nedre Vigra, sjølv. Dei seks andre rodene er brøytt av innleigde brøytera. Alle kontraktene som blei inngått i 2015 var like. Kontraktene hadde følgjande prisar:

Traktor > 90 hk hadde timepris 650,-

Traktor >= 150 hk hadde timepris 750,-

Lastebil hadde timepris 750,-

Beredskapsgodtgjørelse, 18 veker, per sesong var på 70 000,-

Prisane hadde årleg prisregulering basert på Statistisk sentralbyrå sin statistikk for vinterdrift av vegar. Prisindeks for 3. kvartal var lagt til grunn for prisreguleringa for følgjande sesong.

I 2020 blei kontrakt med brøytar for rode T3, T4 og T1 sagt opp, og det blei lyst ut konkurranse og inngått nye kontrakter for desse rodene. I 2021 blei kontrakt for rode T6 sagt opp, og det blei inngått ny kontrakt for denne roda.

Utbetalt timepris for dei forskjellige rodene i perioda 2015-2022:

Rode T1:

2015/2016 Timepris - 750,-



GISKE KOMMUNE

Teknisk forvaltning

2016/2017	Beredskapsgodtgjersle – 70 000,- Timepris - 756,-
2017/2018	Beredskapsgodtgjersle – 70 560,- Timepris - 778,-
2018/2019	Beredskapsgodtgjersle – 72 606,- Timepris - 791,-
2019/2020	Beredskapsgodtgjersle – 76 600,- Timepris - Ingen fakturerte timer
2020/2021	Beredskapsgodtgjersle - 78 974,- Timepris - 950,-
2021/2022	Beredskapsgodtgjersle – 130 000,- Timepris - 900,- Beredskapsgodtgjersle – 120 000,-
Rode T3:	
2015/2016	Timepris - 750,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2016/2017	Timepris - 650,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2017/2018	Timepris - 674,- Beredskapsgodtgjersle – 72 606,-
2018/2019	Timepris - 686,- Beredskapsgodtgjersle – 76 600,-
2019/2020	Timepris - 707,- Beredskapsgodtgjersle – 78 974,-
2020/2021	Timepris - 1150,- Beredskapsgodtgjersle – 120 000,-
2021/2022	Timepris – 1184,5,- Beredskapsgodtgjersle – 120 000,-
Rode T4:	
2015/2016	Timepris - 750,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2016/2017	Timepris - 650,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2017/2018	Timepris - 674,- Beredskapsgodtgjersle – 72 606,-
2018/2019	Timepris - 686,- Beredskapsgodtgjersle – 76 600,-
2019/2020	Timepris - 707,- Beredskapsgodtgjersle – 78 974,-
2020/2021	Timepris - 1150,- Beredskapsgodtgjersle – 120 000,-
2021/2022	Timepris – 1184,5,-



GISKE KOMMUNE

Teknisk forvaltning

Beredskapsgodtgjersle – 120 000,-

Rode T5:

2015/2016	Timepris - 650,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2016/2017	Timepris - 655,- Beredskapsgodtgjersle – 70 560,-
2017/2018	Timepris - 674,- Beredskapsgodtgjersle – 72 606,-
2018/2019	Timepris - 686,- Beredskapsgodtgjersle – 76 600,-
2019/2020	Timepris - 707,- Beredskapsgodtgjersle – 78 974,-
2020/2021	Timepris - 723,- Beredskapsgodtgjersle - 80 790,-
2021/2022	Timepris – 772,- Beredskapsgodtgjersle – 86 284 (+ 80 000 ekstra)

Rode T6:

2015/2016	Timepris - 650,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2016/2017	Timepris - 756,- Beredskapsgodtgjersle – 70 560,-
2017/2018	Timepris - 778,- Beredskapsgodtgjersle – 72 606,-
2018/2019	Timepris - 791,- Beredskapsgodtgjersle – 76 600,-
2019/2020	Timepris - 816,- Beredskapsgodtgjersle - 78 974,-
2020/2021	Timepris - 835,- Beredskapsgodtgjersle – 80 790,-
2021/2022	Timepris - 950,- Beredskapsgodtgjersle – 130 000,-

Rode T7:

2015/2016	Timepris - 650,- Beredskapsgodtgjersle – 70 000,-
2016/2017	Timepris - 655,- Beredskapsgodtgjersle – 70 560,-
2017/2018	Timepris - 674,- Beredskapsgodtgjersle – 72 606,-
2018/2019	Timepris - 686,- Beredskapsgodtgjersle – 76 600,-
2019/2020	Timepris - 816,-



GISKE KOMMUNE

Teknisk forvaltning

2020/2021 Beredskapsgodtgjersle - 78 974,-
Timepris - 835,-
2021/2022 Beredskapsgodtgjersle – 80 790 ,-
Timepris - 892,-
Beredskapsgodtgjersle – 86 284 + 58 502 ekstra

Vedlagt ligg vedtak frå Statsforvaltaren den 28.09.2022 og avtalane som blei inngått i 2015.

Med helsing

Jon Olav Longva
avdelingsingeniør
tlf.: 417 01 940
e-post: Jon.Olav.Longva@giske.kommune.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
28.10.2022	Giske kommune - vedtak i klagesak - innsyn i brøyteavtaler
28.10.2022	AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015 (L)(400219)
28.10.2022	AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015 (L)(402772)
28.10.2022	AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015 (L)(405533)
28.10.2022	AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015 (L)(407788)
28.10.2022	Signert avtale om vintervedlikehold.pdf (L)(475828)

Kopi til:

Geir Larsen



GISKE KOMMUNE
Valderhaug 4
6050 VALDERØYA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Susanne Fostvedt, 71 25 84 35

Giske kommune - vedtak i klagesak - innsyn i brøyteavtaler

Statsforvaltaren gir innsyn i løysingsbeskrivelse og pris (vedlegg 1 og 2) til brøyteavtalene i Giske kommune frå 2015.

Klagar har fått medhald.

Statsforvaltaren viser til kommunen si oversending av 11.03.2022. Vi beklagar lang sakshandsamingstid.

Geir Larsen har den 29.06.2021, bedt om innsyn i alle brøyteavtaler i Giske kommune og timeprisar som er utbetalt frå 2019 og fram til i dag.

Dersom den som har fremma innsynskravet ikkje får svar innan fem arbeidsdagar etter kommunen mottek kravet, skal dette reknast som eit avslag som det kan klagast på. Larsen har satt fram slik klage ved e-post av 24.10.2021.

Klaga vart behandla i Formannskapet i møte den 02.12.2021 i sak 153/21. Giske kommune avvisar krav om innsyn i brøyteavtalar og timeprisar med heimel i offentleglova (offl.) § 13 jf. forvaltningsloven) fvl. § 13 1.ledd nr. 2.

Saka er etter dette sendt over til Statsforvaltaren som klageinstans. Når det gjelder bakgrunnen for saka elles vises det til saksdokumenta.

Geir Larsen har i epost 07.08.2022 presisert nærare ovanfor Statsforvaltar kva han ber om innsyn i.

Statsforvaltaren si rolle

Klagen er sendt inn innafor klagefristen, og Statsforvaltaren kan behandle saka. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klagen dersom vi finn grunn til det. Dersom vi gir klagar medhald kan vi endre vedtaket eller oppheve det, og sende det tilbake til kommunen for ny behandling, forvaltningsloven § 34.



Saka gjeld

Kommunen har gjort greie for at det ble inngått brøyteavtaler i 2020 og 2015. I 2015 inngjekk Giske kommune kontrakt med 6 brøyteroder, der ein av dei er klagar i denne saka. Desse avtala inneheld:

- Konkurransesgrunnlag I
- Konkurransesgrunnlag II
- Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon
- Vedlegg 2 – Løysingsbeskrivelse
- Vedlegg 3 – Pris
- Kart over brøyterodene
- HMS Egenerklæring

Geir Larsen har presisert i e-post av 07.08.2022 og telefonsamtale at han berre ber om innsyn i timespriser og løysningsbeskrivelse i avtalane frå 2015. Vår vurdering vil difor berre gjelde vedlegg 2 og vedlegg 3 i frå avtalane av 2015. Kommunen har avslått innsyn i begge vedlegga.

Vedlegg 2 inneheld ei skildring av dei einskilde traktorane. Dokumentet inneheld opplysningar om type, årsmodell, hestekreftar, akseltrykk, og ekstraustyr. Vedlegg 3 inneheld opplysningar om pris. I dei dokumenta vi har fått sendt over står det ikkje kva den einskilde har fått i timepris, men kva for timepris kommunen tilbyr avhengig av traktortype (standardpris).

Sjølv om Geir Larsen er ein av brøyterodene som har skrive kontrakt i 2015, vurderer vi han ikkje som part i avtalene som er inngått med dei andre brøyteroda. Vi legg til grunn at det her er spørsmål om innsyn etter offentleglova.

Rettsgrunnlag

Hovudregelen etter offl. § 3 er at saksdokument, journalar og liknande register for forvaltningsorgan er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Av offl. § 13 første ledd følgjer det at alle opplysningar som er undergitt teieplikt er unnateke frå offentlegheit. Forvaltninga har ei plikt til å hindre at opplysningar som er teiepliktig ikkje blir levert ut.

Giske kommune har i denne saka vist til fvl. § 13 1. ledd nr. 2 jf. offl. § 12, som heimel for unntak.

Unntak for teiepliktige opplysningar etter offl. § 13 jf. fvl. § 13

Etter offl. § 13 jf. fvl § 13 1. ledd nr. 2 er det teieplikt for «*tekniske innretningar og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.*»

Føresegna vernar om privatøkonomiske interesser for både private og offentlege verksemdar. Dokumenta i denne saken er unntatt med omsyn til dei private verksemdene.

Føresegna stiller opp to vilkår. Det må vere næringsopplysningar og det må vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde dei. Det er ei føresetnad at det er tale om forretningsdrift i konkurranse med private aktørar, og at det må kunne føre til fare for økonomisk tap eller redusert gevinst for verksemda dersom dei blir kjent. Kjerneområdet for føresegna er næringsopplysningar som andre kan ha nytte av i eigen bedrift.



Omsynet bak føresegna er for det første å hindre at ei verksemd skal lide økonomiske tap. Eit anna viktig omsyn er tillitsforholdet mellom det offentlege og verksemdar. Dersom innsyn vil føre til at verksemdar ikkje leverer inn tilbod der det er relevant, er det eit moment som i tvilstilfelle taler for at opplysningane er omfatta av teieplikta.

I Lovavdelinga si fråsegn av JDLOV-2010-5859 viser dei til at det ikkje er tilstrekkeleg for at opplysningane er teiepliktige at dei kan ha uheldige verknader for verksemda. Det er i same fråsegn vist til at opplysningar om økonomisk stilling, administrative forhold, produksjonskapasitet og -kvantum, forvaltningsvedtak som gjeld verksemda og avtaler med forretningspartner, normalt faller utanfor teieplikta. Opplysningane kan likevel være omfatta av teieplikta dersom dei kan skade forhandlingsposisjonen til verksemda, til dømes ved at andre tilpassar seg verksemda sine produksjonsmetodar, priser og forretningsstrategiar etter opplysningane.

Alminnelege kjente eller tilgjengelege opplysningar om produkt, priser, tilverksingsmetodar og anna vil ikkje vere omfatta av teieplikta, jf. fvl. § 13 a nr. 3.

Vedlegg 2 - løysingsbeskrivelse

Kommunen har grunnleggjande sitt avslag med at vedlegget inneheld tildelingskriteria i anbodskonkurransen, og dei kan vere dei same i framtidige brøytekonkurransar. Vi forstår kommunen slik at dei meiner andre her kan tilpasse seg den same løysingskildringa som dei tilbydarane som fekk kontrakt i 2015.

Etter Statsforvaltarens syn er skildringane av dei einskilde traktortype opplysningar som kan vere tilgjengelege andre stader, blant anna i køyretøyregistre samt ved arbeid på staden. Fleire av opplysningane kan derfor vurderast som «alminneleg kjente eller tilgjengelege opplysningar», som ikkje er omfatta av teieplikta. Det er i tillegg produktopplysningar som er relativt standardiserte. Statsforvaltaren kan derfor ikkje sjå at opplysningar om «løysingsbeskrivelse» for dei einskilde brøyterodene, er opplysningar som andre kan ha nytte av i eige bedrift på ei slik måte at det kan skade forhandlingsposisjonen til verksemda i framtidige forhandlingar. Opplysningane gjeld også ei avtale frå 2015, og ligg derfor noko tilbake i tid.

Statsforvaltaren vurdering er derfor at vedlegg 2 til kontrakten ikkje er underlagt teieplikt etter offl. § 13 jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 2

Vedlegg 3 - timepris

Det følgjer av saksdokumenta at i kontraktane frå 2015 var det Giske kommune som satt pris for beredskapsgodtgjersle og timepris. Timepris var skilt mellom traktor over eller under 150 hestekrefter. Traktor over 150 hestekrefter hadde ca. 100 kroner høgare timepris. Prisen var altså fastsett av kommunen og var ikkje ei del av tilbodet frå brøyterodene.

Lovavdelinga har i fråsegn JDLOV-2003-7631 uttalt at: «*Generelle opplysningar om en virksomhets økonomiske stilling, er som det klare utgangspunkt ikke undergitt taushetsplikt. For at opplysninger om økonomiske forhold skal være taushetsbelagte, må det normalt kreves at opplysningene er mer detaljerte, enten slik at opplysningene avslører forhold som andre kan dra nytte av, eller slik at de svekker virksomhetens posisjon, for eksempel i forhandling, ut over det som følger av redusert tillit på grunn av kunnskap om at virksomheten har en generelt kritisk økonomisk stilling.*»

Det er også framheva i forarbeida og i fleire saker frå Sivilombudet at allmenta har eit behov for etterprøving og kontroll av offentlege anbodskonkurransar. Avtalar som det offentlege gjer med



private, gjeld bruk av offentlege midlar. Offentlegheita har derfor ei legitim interesse i innsyn i slike avtaler.

I det vedlegget vi har fått oversendt frå kommunen er det berre oppgitt standarprisar. Det går ikkje fram kva for timepris som var avtalt med den einskilde brøyta. Slik vi forstår kommunen inneheld kontraktane også timepris som er avtalt med kvar brøyta. Det er desse opplysningane som klagar har bedt om innsyn i. Sjølv om vi ikkje har motteke dette dokumentet, er saka godt nok opplyst til at vi kan ta stilling til innsyn i dei einskilde timeprisane.

Timeprisen er satt av kommunen og er ikkje ein del av tilbødet frå den einskilde brøyta. Timeprisane kan slik ikkje utnyttast av andre i framtidige konkurransar. Vi kan heller ikkje sjå at dei einskilde brøyteroda vil bli skadelidande på andre måtar. Det er samstundes slik at det offentlege har ei legitim interesse i å få innsyn i avtalar inngått i kommunen, av omsyn til etterprøving og kontroll av bruk av fellesskapets midlar.

Statsforvaltaren vurdering er derfor at opplysningar om timepris som går fram av vedlegg 3 til kontrakten ikkje er underlagt teieplikt etter offl. § 13 jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 2.

Statsforvaltarens vedtak:

Med heimel i offentleglova § 32 gir Statsforvaltaren innsyn i vedlegg 2 og opplysningar om inngått timepris i vedlegg 3 i brøyteavtalene frå 2015.

Vi ber kommunen sende over dokumenta til klager.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningsloven § 28.

Krav om sakskostnader må fremsettes innan 3 veker etter at dette brevet er motteken. Kravet skal avgjerast av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. forvaltningsloven § 36.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Tone Monsen Aarø (e.f.)
direktør Justis- og verjemålsavdelinga

Susanne Fostvedt
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015

GISKE KOMMUNE	
15/1444-1	Løpnr. 15/11520
14 SEPT 2015	
Arkivkode P	G03
Arkivkode S	
Avd.	Selun
Divisjon	Sifv
Gradering	

mellom

[Giske kommune]
(heretter kalla Kunden)

og [Leverandør]
(heretter kalla Leverandøren)

Dato: _____

For Kunden:**For Leverandøren:**

[Namn]

[Namn]

Avtalen er signert i to eksemplar. Kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Spørsmål til avtalen skal være skriftlege og adresserast slik:

Til Kunden:
[Namn og adresse]

Til Leverandøren:
[Namn og adresse]

Giske kommune
Valderhaug 4
6050 Valderøya

LARS TERJE GODØ
KAMSØALSVEIEN 66
6055 GODØYA

Vedlegg 1 Mal for HMS-eigenerklæring

Denne stadfestinga gjeld:

Firma LARS TERJE GOOD

Adresse KAMSDALSVEIEN 66

Postnr./-sted 6055 GOODYA

Land*

Det bekreftas med dette at denne verksemda arbeider systematisk for å oppfylle krava i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga og ved det tilfredsstillar krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemda (Internkontrollforskrifta) fastsatt ved kgl. res. 6. desember 1996 nr. 1127 i medhald av lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidarvern og arbeidsmiljø mv.

Det vert stadfesta at verksemda er lovleg organisert i samsvar med gjeldande skatte- og arbeidsmiljø-regelverk når det gjeld tilsette sine faglege og sosiale rettigheter. Det aksepteras at oppdragsgivar etter oppmoding vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemda sitt system for å ivareta helse, miljø og sikkerheit.

Daglig leder (sign.) Lars Terje Good

Dato: 6/9 2015

Det stadfestas med dette at det er gjort systematiske tiltak for å oppfylle krav som nemnt over i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga.

Representant for dei tilsette (sign.)

Dato:

Lars Terje Good

6/9 - 15

* For utanlandske oppdragstakarar gjeld følgjande:

Det stadfestas med dette at det ved utarbeiding av tilbodet er teke omsyn til helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga som følgjer av forskrift om systematisk helse, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta), fastsatt ved kgl. res. 6 desember 1996 i medhald av lov 17. juni 2005 2005 nr. 62 om arbeidarvern og arbeidsmiljø mv.

Det aksepteras at oppdragsgivar etter oppmoding vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemdas system for ivaretaking av helse, miljø- og sikkerheitsarbeid.
Forpliktande underskrift:

Daglig leder
(sign.)

Dato:

Vedlegg 2 – Løysingsbeskriving

Tilbod på rode T6

Firma: LARS TERJE GOOD

tilbyr seg å utføre vintervedlikehold på denne roden i samsvar med denne avtale, kravspesifikasjon, løysingsbeskriving og pris.

Følgjande køyretøy, utstyr og mannskap skal brukas til å utføre oppdraget.

Kjøretøy - type	DEUTZ FAHR AGROTRON 110 S
Kjøretøy - årsmodell	2005
Kjøretøy - hestekrefter	110
Kjøretøy - akseltrykk	TOTALT 5500 kg BÆ
Utstyr - type - bredde	KOMMUNAL BLAD FRA TIDLIGERE KONTRAKT. + SNØFRES. 2015
Utstyr - årsmodell	1986 / 2015
Mannskap - navn og ansiennitet	LARS TERJE GOOD 10 år
Mannskap - back-up - navn og ansiennitet	FREDRIK GOOD 10 år

Det vil bli kjøpt SNØFRES og SERVOARER.

AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD

GISKE KOMMUNE	
15/1444-2	15/12468
06 OKT 2015	
Arkivkode P	A03
Arkivkode S	
Avd. Selv.	Saksbeh. Sefu
Løstakten	Sluttbrev

mellom

GISKE KOMMUNE

[Giske kommune]
(heretter kalla Kunden)

og

Geir Olav Larsen

[Leverandør]
(heretter kalla Leverandøren)

Dato: 22.09.2015

For Kunden:

Sissel Fuglstad

[Namn]

For Leverandøren:

Geir Olav Larsen

[Namn]

Avtalen er signert i to eksemplar. Kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Spørsmål til avtalen skal være skriftlege og adresserast slik:

Til Kunden:

[Namn og adresse]

Giske kommune
Valderhaug 4
6050 Valderøya

Til Leverandøren:

[Namn og adresse]

GEIR OLAV LARSEN
SYNESVEGEN 147
6040 VIGRA

Vedlegg 1 Mal for HMS-eigenerklæring

Denne stadfestinga gjeld:

Firma GEIR OLAV LARSEN
 Adresse SYNES VEIEN 147
 Postnr./-sted 6040 VIGRA
 Land* NORGE

Det bekreftas med dette at denne verksemda arbeider systematisk for å oppfylle krava i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga og ved det tilfredsstillar krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemda (Internkontrollforskrifta) fastsatt ved kgl. res. 6. desember 1996 nr. 1127 i medhald av lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidarnvern og arbeidsmiljø mv.

Det vert stadfesta at verksemda er lovleg organisert i samsvar med gjeldande skatte- og arbeidsmiljø-regelverk når det gjeld tilsette sine faglege og sosiale rettigheter. Det aksepteras at oppdragsgivar etter oppmoding vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemda sitt system for å ivareta helse, miljø og sikkerheit.

Daglig leder (sign.)

Geir Olav Larsen

Dato:

22/9 - 2015

Det stadfestas med dette at det er gjort systematiske tiltak for å oppfylle krav som nemnt over i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga.

Representant for dei tilsette (sign.)

Dato:

** For utanlandske oppdragstakarar gjeld følgjande:*

Det stadfestas med dette at det ved utarbeiding av tilbodet er teke omsyn til helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga som følgjer av forskrift om systematisk helse, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta), fastsatt ved kgl. res. 6 desember 1996 i medhald av lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidarnvern og arbeidsmiljø mv.

Det aksepteras at oppdragsgivar etter oppmoding vil bli gitt rett til gjennomgåing og verifikasjon av verksemdas system for ivaretaking av helse, miljø- og sikkerhetsarbeid.
 Forpliktande underskrift:

Daglig leder
(sign.)

Dato:

Vedlegg 2 – Løysingsbeskriving

Tilbod på rode T5

Firma: GEIR OLAV LARSEN

tilbyr seg å utføre vintervedlikehold på denne roden i samsvar med denne avtale, kravspesifikasjon, løysingsbeskriving og pris.

Følgjande køyretøy, utstyr og mannskap skal brukas til å utføre oppdraget.

Kjøretøy – type	VALTRA 6850
Kjøretøy - årsmodell	2001
Kjøretøy - hestekrefter	125 HK
Kjøretøy – akseltrykk	EGENVEKT 4660 KG TOT AKSELLAST F3300 136000
Utstyr – type - bredde	K-blad 2700
Utstyr – årsmodell	2011
Mannskap – namn og ansiennitet	GEIR OLAV LARSEN 27 ÅR PER OG NORALV LARSEN
Mannskap - back-up - mamn og ansiennitet	PER - LARSEN NORALV LARSEN

AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015

mellom

GISKE KOMMUNE
[Giske kommune]
(heretter kalla Kunden)

og

Jøgeir Giske
[Leverandør]
(heretter kalla Leverandøren)

Dato: 22.10.2015

GISKE KOMMUNE	
Arkivnr. 15/1444-3	Løpnr. 15/13511
30 OKT 2015	
Arkivkode P	003
Arkivkode S	
Avd. Teln.	Saksbeh. Sifu
Kassasjon	Gradering

For Kunden:

For Leverandøren:

Sissel Fuglstad
[Namn]

Jøgeir Giske
[Namn]

Avtalen er signert i to eksemplar. Kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Spørsmål til avtalen skal være skriftlege og adresserast slik:

Til Kunden:
[Namn og adresse]

Til Leverandøren:
[Namn og adresse]

Giske kommune
Valderhaug 4
6050 Valderøya

Vedlegg 2 – Løysingsbeskriving

Tilbod på rode T 7

Firma: Jogev Giske

tilbyr seg å utføre vintervedlikehold på denne roden i samsvar med denne avtale, kravspesifikasjon, løysingsbeskriving og pris.

Følgjande køyretøy, utstyr og mannskap skal brukas til å utføre oppdraget.

Kjøretøy - type	John Deere
Kjøretøy - årsmodell	2001
Kjøretøy - hestekrefter	145
Kjøretøy - ^{vekt} akseltrykk	5600kg
Utstyr - type - bredde	K Blad 270
Utstyr - årsmodell	2011
Mannskap - namn og ansiennitet	Jogev Giske
Mannskap - back-up - namn og ansiennitet	Glenn Giske

AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015

mellom

GISKE KOMMUNE[Giske kommune]
(heretter kalla Kunden)

og

GRAVA GARDEN DA[Leverandør]
(heretter kalla Leverandøren)Dato: 10.11.2015

GISKE KOMMUNE	
Arkivnr. 15/1444-4	Løpnr. 15/14362
17 NOV 2015	
Arkivkode P	Q03
Arkivkode S	
Avd. Jelun.	Søkt felt Sju
hassasjon	Chiffren

For Kunden:**For Leverandøren:**Sissel Fuglstad

[Namn]

Enb A, B L

[Namn]

Avtalen er signert i to eksemplar. Kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Spørsmål til avtalen skal være skriftlege og adresserast slik:

Til Kunden:

[Namn og adresse]

Giske kommune
Valderhaug 4
6050 Valderøya**Til Leverandøren:**

[Namn og adresse]

GRAVA GARDEN DA
BLIND HEIMS GARDEN 65
6040 VIGRA

Vedlegg 2 – Løysingsbeskriving

Tilbod på rode T 1

Firma: GRAVAGARDEN DA

tilbyr seg å utføre vintervedlikehold på denne roden i samsvar med denne avtale, kravspesifikasjon, løysingsbeskriving og pris.

Følgjande køyretøy, utstyr og mannskap skal brukas til å utføre oppdraget.

Kjøretøy - type	MASSEY FERGUSON 6475
Kjøretøy - årsmodell	2004
Kjøretøy - hestekrefter	JUSTERT TIL 184 HK
Kjøretøy - akseltrykk	3T
Utstyr - type - bredde	270cm K-blad
Utstyr - årsmodell	2010
Mannskap - namn og ansiennitet	ERIK BLINDHEIM BRØYTA T3 SIDA 2010
Mannskap - back-up - mamn og ansiennitet	BERNT BLINDHEIM KJØRT TRAKTOR PÅ GRAVAGARDEN I MÅNEDAG



GISKE KOMMUNE
Teknisk eining

Konkurransgrunnlag del II

Avtalevilkår og Vedlegg VINTERVEDLIKEHALD 2015

**AVTALE
OM
KJØP AV**

VINTERVEDLIKEHALD 2015

AVTALE OM KJØP AV VINTERVEDLIKEHALD 2015

mellom

GISKE KOMMUNE[Giske kommune]
(heretter kalla Kunden)

og

MESTA AS[Leverandør]
(heretter kalla Leverandøren)Dato: 20.11.2015

For Kunden:

Sissel Fuglstad

[Namn]

For Leverandøren:

Sissel Hillen

[Namn]

Mesta AS
Org.nr 992 804 440
Postboks 253, 1326 LYSAKER

Avtalen er signert i to eksemplar. Kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Spørsmål til avtalen skal være skriftlege og adresserast slik:

Til Kunden:
[Namn og adresse]Til Leverandøren:
[Namn og adresse]Giske kommune
Valderhaug 4
6050 Valderøya

INNHOLD	
Avtalens omfang	5
Varighet	5
Leverandørens ansvar og bruk av underleverandører	5
Kundens ansvar	5
Samarbeid	5
Etiske og sosiale krav.....	5
1.1 Menneskerettigheter	6
1.2 Forbud mot barnearbeid	6
1.3 Nasjonal lovgiving om tvangsarbeid/slavearbeid.....	6
1.4 Diskriminering	6
1.5 Organisasjonsfridom og retten til kollektive forhandlingar	6
1.6 Løns- og arbeidsvilkår.....	6
1.7 Spesielle føresegner knytt til lønns- og arbeidsvilkår	7
1.8 Gjennomføring og levering	7
1.9 Krav til gjennomføring.....	7
Pris og betalingsføresegner	7
1.10 Pris.....	7
1.11 Prisregulering	8
1.12 Betaling	8
Mislighald og sanksjonar	8
1.13 Kva som vert sett på som misleghald.....	8
1.14 Reklamasjon	8
1.15 Sanksjonar ved misleghald frå Leverandøren	8
1.16 Sanksjonar ved misleghald frå Kunden.....	9
Suspensjon av partanes rettigheitar og pliktar	9
Endringar.....	9
Forsikring	9
Overdraging av rettigheter og plikter.....	9
Reklame og media.....	10
Rettsval og tvistar	10
Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon	11
Vedlegg 2 – Løysingsbeskriving	16
Vedlegg 3 – Pris.....	17

Avtalens omfang

Avtalen (heretter kalla Avtalen) gjeld kjøp av vintervedlikehold (heretter kalla Tenesta) og er spesifisert i Vedlegg 1 Kravspesifikasjon.

Avtalen består av den generelle avtaleteksten og følgjande bilag:

- Vedlegg 1 Kundens kravspesifikasjon
- Vedlegg 2 Leverandørens løysingsskildring
- Vedlegg 3 Prisar

Ved motstrid mellom *bilagane* og den generelle avtaleteksten, går den generelle avtaleteksten føre. Ved motstrid mellom Vedlegg 1 og Vedlegg 2, går Vedlegg 1 føre.

Varigheit

Avtalen gjeld i frå 1. oktober 2015 til 30. september 2020 med muligheit til å forlenge avtalen i ytterlegare 2 år.

Leverandørens ansvar og bruk av underleverandører

Leverandøren skal gjennomføre tenesta slik den er spesifisert i Avtalen med bilag innafør avtalte tids- og ressursrammer, og slik at avtala teneste faktisk blir levert.

Det er ikkje anledning til å nytte underleverandører.

Kundens ansvar

Kunden skal opplyse Leverandøren om viktige forhold som vil ha verknad på gjennomføringa av Avtalen. Kunden skal oppfylle sin del av Avtalen og sørge for rettidig betaling.

Samarbeid

Partane skal samarbeide på en konstruktiv måte, for å realisere Avtalens formål og gjennomføring i størst mulig grad.

I en eventuell problemsituasjon skal begge parter ha løysingsfokus. Dette inneber at første prioritet vil være å finne løysingen på problemet, uavhengig av om juridiske og merkantile forhold er avklart.

Etiske og sosiale krav

Kunden forvaltar fellesskapets ressursar og har et ansvar for å skaffe varer og tenester som er produsert på en lovlig og etisk forsvarlig måte.

Leverandør pliktar å etterleve Kundens etiske og sosiale krav i egen verksemd.

Kunden, eller den han vel, har rett til å gjennomføre varsla eller ikkje varsla kontrollar på produksjonsstad i kontraktsperioden.

Ved avtaleoppfølging, eller ved eventuell mistanke om misleghald, har Leverandør all dokumentasjonsplikt.

Brot på denne avtalens kapittel 5 er å regne som vesentlig misleghald.

1.1 Menneskerettigheter

Leverandøren skal respektere FNs verdserklæring om menneskerettigheter.

1.2 Forbud mot barnarbeid

(FNs barnekonvensjon artikkel 32, ILO-konvensjon nr 138 og 182)

Barn har rett til å bli skydd mot økonomisk utnytting i arbeid, og mot å utføre arbeid som kan svekke utdannings- og utviklingsmuligheter.

Minstealderen må ikkje i noe tilfelle være under 15 år (14 eller 16 år i visse land).

Barn under 18 år skal ikkje utføre arbeid som setter helse eller sikkerhet i fare, inkludert nattarbeid.

1.3 Nasjonal lovgiving om tvangsarbeid/slavearbeid

(ILO-konvensjon nr 29 og 105)

Det skal ikkje vere nokon form for tvangsarbeid, slavearbeid eller ufrivillig arbeid.

Arbeiderane må ikkje levere depositum eller identitetspapir til arbeidsgivar, og skal være fri til å avslutte arbeidsforholdet med rimelig oppseiingstid.

1.4 Diskriminering

(ILO-konvensjonar nr 100 og 111)

Det skal ikkje vere nokon diskriminering i arbeidslivet basert på etnisk tilhøyring, religion, alder, uførhet, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeiningsmedlemskap eller politisk tilhøyring.

1.5 Organisasjonsfridom og retten til kollektive forhandlingar

(ILO-konvensjon nr 87 og 98)

Arbeiderane skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar etter eige val, og å forhandle kollektivt.

Dersom disse rettigheter er avgrensa eller under utvikling, skal leverandøren medverke til at dei tilsette får møte leiinga for å diskutere lønns- og arbeidsvilkår utan at dette får negative konsekvensar for arbeiderane.

1.6 Løns- og arbeidsvilkår

Leverandøren skal sørge for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos eventuelle underleverandører ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsforhold enn det som følgjer av landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkommande sted og yrke. Dette gjeld bare for tilsette som direkte medverkar til oppfylling av leverandørens forplikingar under avtalen.

Alle avtalar leverandøren inngår og som inneber utføring av arbeid under denne avtalen skal innehalde tilsvarande forpliktingar.

1.7 Spesielle føresegner knytt til lønns- og arbeidsvilkår

Leverandør skal sørge for at tilsette i egen organisasjon og tilsette hos underleverandør ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsforhold enn det som følgjer av tariffavtaler, regulativ eller det som er normalt for vedkommande sted og yrke. Dette gjeld bare for tilsette som direkte medverkar til å oppfylle Avtalen. Tvangsarbeid skal ikkje finne stad. Jf. ILO-konvensjon nr 29, 87, 98, 100, 105 og 111.

Alle avtalar som leverandøren inngår som inneber utføring av arbeid under denne Avtalen skal innehalde tilsvarande føresegner.

Leverandøren skal kunne legge frem dokumentasjon på de lønns- og arbeidsvilkår som blir nytta.

1.8 Gjennomføring og levering

1.9 Krav til gjennomføring

All kommunikasjon med oppdragsgivar i samband med gjennomføring av denne avtalen skal være på norsk.

Leverandøren skal kunne levere etter Avtalens vilkår.

Leverandøren skal snarast varsle Kunden om forhold som har eller kan få innverknad på gjennomføringa av Avtalen.

7.2 Levering

Leverandøren har ansvar for at tenesta vert levert i samsvar med denne avtalen.

7.3 Dagsmulkt

Med mindre anna er avtalt, kan oppdragsgivar krevje dagsmulkt dersom tenesta ikkje blir utført i samsvar med spesifikasjonane i denne avtalen med vedlegg. Dagsmulkten vil vere på kr. 1000,- eks. mva. pr. begynt døgn utan tilgjengelig ressurs.

Pris og betalingsføresegner

1.10 Pris

Pris for tenesta er oppgitt i Vedlegg 3.

Pristilbudet omfattar beskrivne tenester, og skal slik dekke alle de krav og leveransar som går fram av ytelseskrava i konkurransegrunnlaget med vedlegg. Prisane er faste og skal inkludere alle direkte eller indirekte utgifter og avgifter som kan tenkas i samband med utføring av tenesta.

1.11 Prisregulering

Dersom det etter avtaleinngåing blir vedtatt endringar i offentlege skatter eller avgifter, skal Avtalens prisar endras i samsvar med dette. Endringane gjeld både auke og reduksjon.

Årleg prisregulering er basert på Statistisk sentralbyrå sin statistikk for vinterdrift av veger. Prisindeks for 3. kvartal leggas til grunn for prisreguleringa i følgjande sesong. Første mulige regulering er 3. kvartal 2016.

1.12 Betaling

Leverandøren skal fakturere kunden for utførte tenester en gang pr. mnd.

Kunden skal foreta betaling seinast 30 dagar etter mottak av faktura.

Mislighald og sanksjonar

1.13 Kva som vert sett på som misleghald

Det ligg føre misleghald dersom parten ikkje oppfyller sitt ansvar og sine pliktar etter Avtalen.

Parten er ikkje ansvarlig i den grad det kan dokumenteras at avvik skyldas force majeure, jf. punkt 11, eller forhold den annen part er ansvarlig for.

1.14 Reklamasjon

Partane skal reklamere skriftleg og utan ugrunna opphald etter at mislighaldet vart oppdaga.

1.15 Sanksjonar ved misleghald frå Leverandøren

Avhjelp

Arbeidet med å avhjelp misleghald skal gjennomførast utan ugrunna opphald etter at Leverandøren har fått melding om misleghaldet.

Tilbakehold av egen yting og prisavslag

Dersom det ikkje har lykkas Leverandøren å avhjelp misleghaldet innan fristen, kan Kunden holde tilbake eigen yting eller krevje prisavslag.

Heving

Kunden kan heve Avtalen dersom Leverandøren vesentleg mislegheld sine pliktar etter avtalen. Heving av avtalen må varslast innan 15.april med verknad frå komande sesong.

Erstatning

Kunden kan krevje erstatta eit kvart direkte og adekvat tap som med rimelegheit kan tilbakeførast til misleghaldet. Dette gjeld ikkje dersom Leverandøren kan godtgjøre at misleghaldet eller årsaken til misleghaldet ikkje kan skyldast Leverandøren eller noen han er ansvarlig for.

Erstatning for indirekte tap kan bare krevjas dersom det er utvist forsett eller grov mangel på aktsemd.

1.16 Sanksjonar ved misleghald frå Kunden

Betalingsmisleghald

Dersom Kunden ikkje betalar til avtalt tid, har Leverandøren krav på rente i samsvar med lov om renter ved forsinka betaling (Morarenteloven) av 19. des. 1976 nr. 100 av det beløpet som er forfalt til betaling.

Heving

Leverandøren kan heve Avtalen dersom Kunden vesentleg mislegheld sine pliktar etter avtalen. Heving av avtalen må varslast innan 15.april med verknad frå komande sesong.

Erstatning

Leverandøren kan krevje erstatta eit kvart direkte tap som med rimelegheit kan tilbakeførast til misleghaldet. Dette gjeld ikkje dersom Kunden kan godtgjøre at misleghaldet eller årsaken til misleghaldet ikkje kan tilskrivast skyld hos Kunden eller noen han er ansvarlig for.

Erstatning for indirekte tap kan bare krevjas dersom det er utvist grov uaktsemd eller forsett.

Suspensjon av partanes rettigheitar og pliktar

Skulle det inntreffe en ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partanes kontroll og som gjer det umuleg å oppfylle pliktar etter denne Avtalen, og som etter vanlige kontraktsrettslege reglar må reknas som force majeure, skal motparten varslas om dette utan ugrunna opphald. Den ramma parts pliktar suspenderas så lenge den ekstraordinære situasjonen varar. Den annen parts motyting suspenderas i same tidsrom.

Endringar

Endringar i Avtalen skal gjerast skriftlig og underteiknast av delegerte personer. Alle endringar skal vedleggast Avtalen.

Forsikring

Leverandøren skal ha vanlege forsikringar for å dekke krav frå Kunden eller tredjeperson som følgje av Leverandørens risiko eller ansvar etter denne Avtalen.

Overdraging av rettigheter og plikter

Leverandøren kan bare overdra sine rettigheter og pliktar etter avtalen med skriftlig samtykkje frå Kunden, likevel slik at samtykkje ikkje skal nektast utan sakleg grunn. Unntak er dei tilfelle kor leverandørselskapet slås saman med eit anna selskap eller overdraginga skjer til eit dotterselskap. I sistnemte tilfelle er ein eventuell overdraging betinga av at Leverandøren garanterer for at dotterselskapet oppfyller kontrakten.

Retten til vederlag etter denne avtalen kan fritt overdras. Slik overdring fritar ikkje vedkomande part frå hans forpliktingar og ansvar.

Reklame og media

Leverandør må innhente førehandsgodkjenning frå Kunden dersom Leverandøren for reklameformål eller på anna måte ønskjer å gi offentlegheita informasjon om kontrakten utover å oppgi leveransen som generell referanse.

All kontakt med media skal godkjennast av Kunden på førehand.

Rettsval og tvistar

Partanes rettigheitar og pliktar etter denne Avtalen bestemmast i sin heilheit av norsk rett.

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadane av Avtalen, skal tvisten først søkas løyst ved forhandlingar. Fører slike forhandlingar ikkje fram innan to månadar, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norsk domstol. Partane vedtar Sunnmøre tingsrett som verneting for slik tvist.

Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon

Krav til Leverandøren ved gjennomføring av anskaffinga

1 KVALITETSSYSTEM OG KVALITETSPLANAR

○ Generelle krav til utføring av drift og vedlikehald

Entreprenøren skal sørge for at vegnettet er framkommeleg for trafikantane (fotgjengarar, syklistar og kjøretøy) i samsvar med kontraktens standard og kravspesifikasjonar, med tanke på trafikksikkerhet, miljø og omsyn til trafikantane og vegens naboar.

Entreprenøren skal sjølv sørge for at han har tilgjengeleg utstyr, mannskap, kompetanse og informasjon som er nødvendig for å utføre arbeidet i samsvar med kontrakten. Entreprenøren skal utføre kontraksarbeidet på ein fagmessig og aktsam måte og legge vekt på sikkerheten, slik at skade på person og eigedom unngåas. Spesiell aktsemd skal utvisast i forhold til trafikksikkerhet, trafikkavvikling, arbeidsmiljø og ytre miljø.

Arbeidet skal utførast med serviceinnstilling overfor trafikantane og vegens naboer. Arbeidet skal utførast i samsvar med aktuelle lover, forskrifter og føresegner.

Arbeidet skal utførast slik at forstyrringa av trafikantane, vegens naboer og øvrige omgivelser minimaliserast, vurdert i forhold til arbeidets viktighet og i forhold til kostnadane for utføringa av arbeidet.

Det skal nyttast maskiner og utstyr som ikkje skadar vegnettet.

Arbeidet skal gjennomførast på ein samarbeidsorientert og ikkje konfliktorientert måte.

▪ Melding og rapportering om skadar, feil og manglar mv.

Ved alvorlige hendingar på vegnettet skal oppdragsgivar ha melding med ein gong. I tillegg skal entreprenøren utan ugrunna opphald melde til oppdragsgivar om:

- Alvorlege skadar på objekt som inngår i kontraksarbeidet
- Skadar påført av kjent/ukjent motorvogn
- Feil, manglar og andre forhold som har eller kan komme til å få tyding for framkomme og trafikksikkerheit eller for det totale drifts- og vedlikehaldsarbeidet, sjølv om disse forholda ikkje er direkte knytt til entreprenørens ansvarsområde gitt i kontrakten.
- Behov for opplesing og bortkøyring av snø og is.

Hendingar som oppdragsgivar reknar som alvorlege (ikkje uttømande):

- Alle trafikkuhell med entreprenørens kjøretøy/ maskiner
- Trafikkulukker med personskade

- Stengt veg av ulike grunnar
- Redusert framkomme, seinkingar

I tillegg skal det meldes om uventa hendingar kor entreprenøren har gjennomført tiltak etter oppmoding frå politi, brannvesen eller andre.

- **Skader på objekt voldt av entreprenør**

Entreprenøren skal informere om skadar, og skal dokumentere sted, tid, skadetype/omfang og kven som er skadevolder. Entreprenøren er ansvarleg og må dekkje slike skadar sjølv eller gjennom si eiga forsikring.

- **Dokumentasjon på utført arbeid**

Alle brøytemaskiner skal ha fastmontert oppdragsgivars GPS mottakar-/sendarutstyr som skal være operativt (sende signal til basestasjon) under heile brøyteoppdraget. Registreringane skal være ein del av grunnlaget for dokumentasjonskrav oppdragsgivar er pålagt i høve si verksemd. Oppdragsgivar kostar installasjon og drift av sendarutstyr i brøytemaskinane, men entreprenøren kan gjørast økonomisk ansvarleg dersom utstyret vert påført skade medan det er plassert i entreprenørens maskin.

Entreprenøren skal rapportere tall utførte timer brøyting og eventuell strøing for kvar månad i den aktuelle sesongen. Logg frå GPS-sendar tener som timeliste.

- **Behandling og rapportering av manglar og avvik**

Entreprenøren skal svare på oppdragsgivars meldingar om avvik og manglar og utbetre desse så snart som muleg etter avtale med oppdragsgivar.

- **Andre ordningar for tilsyn og inspeksjon**

Oppdragsgivar vil etablere egne ordningar for tilsyn og inspeksjon som han finner ønskelig og formålstenlig, og entreprenør er pliktar å bidra til at slik tilsyn og inspeksjon kan fungere iht. intensjonar.

- **PROSESSFORDELT KRAVSPESIFIKASJON**

- **Organisering og struktur**

- **Generelt**

Entreprenøren er en del av oppdragsgivars organisasjon for handteringa av vinterdrift, og skal samarbeide med interne sjåførar og andre entreprenørar. Dette skal gjerast på ein smidig måte, slik at det er minst mulig ulemper for alle parter.

Definisjonar:

Samleveg: Hovudvegar (Europaveg, Riksveg, Fylkesveg), hovudtilkomst til bustadområde og veger tilgrensande til kommunale institusjonar, skoler og barnehagar.

Tilkomstveg: Køyreveg som ikkje er samleveg: Bustadveg, stikkveg, blindveg, veg med lokaltrafikk, bygdeveg.

Privatveg: Private veger som ikkje skal brøytast av kommunen..

Gang- og sykkelveg: Områder utan biltrafikk, eller der kjøring skjer på dei gåande sine premisser.

- **Møteplan og informasjon**

Før sesongstart skal det gjennomførast eit oppstartsmøte med entreprenør, for bl.a. å gå igjennom roda. Entreprenøren skal få tilgang til rodekart og det skal monterast GPS-utstyr i køyretøyet.

I etterkant av sesongen skal det kallast inn til eit evalueringsmøte, der gjennomføring av sesongen og ev. problemområde diskuterast.

- **Privatveger**

Private vegar inngår ikkje i oppdraget. Dersom entreprenøren tar på seg oppdrag for private skal dette utførast etter at oppdraget for oppdragsgivar er fullført og entreprenøren har logga seg av GPS-sendaren.

- **Utkalling**

Entreprenøren kan bli kalla ut av overordna vakt. Etter utkalling har entreprenøren 1 time til å sette i verk tiltaket, dersom ikkje anna blir avtalt.

- **Beredskapsperiode**

Ordinær beredskapsperiode er frå 1.novemer til 31.mars. Behov for vinterdrift kan likevel oppstå både før og etter ordinær beredskap. Slike tilfelle skal faktureras med ei veker beredskap pr. veke det er utført kontraktsarbeid.

- **Rodene**

Denne konkurransen gjeld 7 separate roder på det kommunale vegnettet. Det skal leverast separate tilbud pr. rode. Oppdragsgivar evaluerar den enkelte rode kvar for seg og tildeler oppdrag pr. rode som separat kontrakt.

- **Arbeidsoppgåver/ prosessbeskriving**

- **Snøbrøyting**

Oppgåven/ prosessen omfattar all snøbrøyting og beredskap for brøyting. Denne skal settast i gang av entreprenør ved utløyssande krav.

- **Snø- og isrydding**

Oppgåven/ prosessen omfattar ryddeoppgåver som:

- Snø- og ishøvling
- Snøfresing
- Snørydding med traktor og hjullaster

Proessen omfattar også opplasting og bortkøyting av snø.

Oppdrag i henhold til 2.3.2 vert i hovudsak utført i kommunal regi. Entreprenøren vert utkalla dersom det er behov for ekstra mannskap til snørydding.

- **Strøing**

Oppgåven omfattar utstrøing av sand eller saltblanda sand.

Oppdrag i høve til 2.3.3 inngår kun i røde T6. Entreprenøren vurderar sjølv behovet eller vert utkalla av oppdragsgivar.

○ **Generelle krav til standard for drift og vedlikehald**

1. Vegane skal være framkommelige for køyretøy som er normalt utstyrt for vinterkjøring. Dette skal oppnåas ved å redusere mengda snø og is på vegen samt sikre tilstrekkelig veg-grep for trafikantane.
2. Gang- /sykkelveg og fortau skal gi gåande framkomme på deira eigne premisser samt eit sikkert trafikkmiljø. Gang- / sykkelveg og fortau skal framstå som attraktive for fotgjengarar og syklistar. Gang- /sykkelveg og fortau skal være farbare for fotgjengarar og syklistar slik at de vel å ferdes på gang- og sykkelvegen og fortauet framfor i kjørebanelen.
3. Parkeringsareala skal være rydda før arbeidarane kjem på jobb om morgonen.
4. Bruksareal og tilkomstveger til skular, barnehagar og kommunale institusjonar skal ryddast for snø slik at ferdsel til og frå institusjonane ikkje hindrast og slik at areala er framkommelege og tenlige for institusjonanes brukarar og besøkande.

○ **Spesifikasjonar og krav**

▪ **Snøbrøyting**

1. Brøyting av samleveg, tilkomstvegar og gang- og sykkelveger startar når det er 5 cm snø på vegbanen.
2. Det skal brøytast i køyrefeltas fulle bredde, om ikkje faste sidehinder eller parkerte køyretøy hindrar dette.
3. Brøyting skal utførast slik at underlaget blir jamnt utan sjenerande issvullar o.l. Det skal ikkje ligge igjen snørankar over kryssande offentlege vegar og gangfelt. Snø skal ikkje haugas på ein slik måte at sikta i kryss hindrast. Der det ikkje er faste sidehinder, skal det brøytast på ein slik måte at bortkøyting av snø ikkje blir nødvendig.
4. Oppdragsgivar har rett til, ut frå tidlegare års erfaringar, å vise entreprenør kor snøen skal deponerast eller brøytast.
5. I vegar utan fortau fordelast snøen til begge sider, om ikkje eitt av sideområdene er klart betre egna til lagring av snø. I veger med fortau på en side, brøytes normalt all snøen over til motsett side. I veger med to fortau fordeles snøen til begge sider, om ikkje eitt av sideområdene er klart betre egna.
6. Det skal brøytes i fortauets fulle bredde om ikkje faste sidehinder hindrar dette.
7. Fjerning av snø i samband med gangvegsluser skal inngå som del av brøytinga av roda. Sperrebommar/sluser skal normalt opnast og latast att ved gjennombrøyting.
8. Haldeplassane skal ryddast for snø i heile fortauets bredde. Ranke og snøhaugar skal ikkje leggest igjen framfor leskur eller langs kantstein på haldeplasser.
9. Parkeringsplassar til offentlege bygg og institusjonar brøytast av den som brøyter vegen forbi plassen. Parkeringsplass for frivillige lag og organisasjonar brøytast også ved høve.

➤ **ANDRE AVTALER OG BESTEMMELSER**

○ **Personell**

Entreprenøren skal ta seg av all kontakt med publikum på en profesjonell og serviceinnstilt måte.

Brøytesjåfør skal være villig til å møte opp på møter og kurs arrangert av oppdragsgivar.

○ **Utstyr**

Kjøretøyet skal være tilpassa behovet på roda, og skal kunne ta seg frem på alle veger utan å påføre veg, vegutstyr eller tredjemann skader. Det skal også være skodd for å ta seg frem på alle strekningar på roda.

Rode T6: Kjøretøyet skal være utstyrt med tre punkts feste med hydraulikk for strøpparat bakpå kjøretøy, ev. løsning med eget strøpparat.

➤ **FAKTAGRUNNLAG**

Rodenes geografiske utstrekning går frem av vedlagte oversikt og kart. Mindre endringar må påreknas år for år.

Tabellen under viser rode nummer, rode namn og rode lengde.

Roder	område	lengde meter
T1	Øvre Vigra	22338
T2	Nedre Vigra	15977
T3	Valderøya sør+ Gjørund	13165
T4	Valderøya nord	6940
T5	Skjong + gangveger Valderøya	20780
T6	Godøya	10485
T7	Giske	7712

Vedlegg 2 – Løysingsbeskriving

Tilbud på rode T-3 og T-4

Firma: Mesta AS

tilbyr seg å utføre vintervedlikehold på denne roden i samsvar med denne avtale, kravspesifikasjon, løysingsbeskriving og pris.

Følgjande køyretøy, utstyr og mannskap skal brukas til å utføre oppdraget.

Kjøretøy – type	Hjullaster L 70 / Scania r 500
Kjøretøy - årsmodell	2006 / 2007
Kjøretøy - hestekrefter	155 HK / 500 HK
Kjøretøy – akseltrykk	
Utstyr – type - bredde	Rasco / Telefstad K-70 340
Utstyr – årsmodell	2013 / 2009
Mannskap – namn og ansiennitet	Daniel Havnegjerde / Ole Svenslid
Mannskap - back-up – namn og ansiennitet	Kjetil Guddal / Sindre Hjelseth

Vedlegg 3 – Pris

Giske kommune, teknisk eining, tilbyr følgjande prisar til sine leverandørar av snøbrøyting for sesongen 2015/2016. Prisane er eks. mva.

Kjøretøy inklusiv brøyteutstyr	Kr pr. time
Traktor >90 hk	650,-
Traktor ≥ 150 hk	750,-
Lastebil	750,-
Beredskap	Kr pr. sesong
Beredskapsgodtgjørelse, 18 veker	70 000,-

Geir Olav Larsen

Dykkars ref.

Vår ref.
23/36

Dato
07.03.2023

Mottak av henvending om anbod vintervedlikehald Giske Kommune perioden 2015 - 2022

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS har på vegne av Giske kontrollutval 06.03.2023 motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår. www.kontrollutval.no/giske
Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan ein seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, lovlegheitskontroll, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Med helsing

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Dag Oksnes
Mottakar

Oksneset 10

6050

VALDERØYA

Postadresse

Postboks 7881 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse

Lerstadvegen 545
6022 Ålesund

Telefon

92 61 17 35 (Bjørn)
90 74 13 99 (Solveig)

Org.nr

889 117 192

E-post

post@sksiks.no